



# MØTEPROTOKOLL

## RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

**Møtedato:** 22.05.2019  
**Møtestad:** Møterom 4. et. Heradshuset  
**Møtetid:** 15.00 - 17.00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Frode O. Kallestad Dyvik	KRF	Utvalseiar
Anne Christin Eide	AP	Nestleiar
Kristin Lyngmo		Medlem
Ida Carlsen Eide Aabrek		Medlem

---

**Andre møtande:**  
Solrun Hauglum

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
07/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
08/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
09/2019	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
10/2019	SYNFARING - FRAMKOMMELEGHEIT I GATÅ PÅ DALE
11/2019	ÅRSMELDING 2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE
12/2019	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020-2023 - TIL UTTALE



**07/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.05.2019**

**Behandling:**

**RFF - sak 07/2019 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**08/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.05.2019**

**Behandling:**

**RFF - sak 08/2019 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**09/2019: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.05.2019**

**Behandling:**

- Kommunalsjef/prosjektleder Solrun Hauglum orienterte om status i "Lev Vel i Vaksdal".
- Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om rapportering av utviklingshemma.



**RFF - sak 09/2019 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert teken til orientering.

---

**10/2019: SYN FARING - FRAMKOMMELEGHEIT I GATÅ PÅ DALE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.05.2019**

**Behandling:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne starta møte med synfaring i Gatå på Dale med tanke på framkommelegheit.

Det var lite plakater til hinder. Gode overgangar dei fleste stader mellom fortau og gate og skråplan inn til dei fleste butikkar. Døra inn til bygninga der apoteket ligg, var tung, og ljospninga virka noko smal. Elektrisk opnar av denne døra var ikkje markert eller skilta og derfor vanskeleg å få auge på. Gatå virka rein og var fint pynta.

Rådet ønskjer informasjon om korleis brøytinga fungerer i vinterhalvåret.

**RFF - sak 10/2019 Vedtak/Tilråding:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å gå i dialog med Sentrumsforeninga for å betra tilkomst i Gatå. Det gjeld også tilkomst til butikkane i Gatå, og særleg gjeld det til bygninga der apoteket ligg. Rådet ønskjer informasjon om brøyting vinterstid.

---

**11/2019: ÅRSMELDING 2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.05.2019**

**Behandling:**

**RFF - sak 11/2019 Vedtak/Tilråding:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.



**12/2019: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2020-2023 - TIL UTTALE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utvalet gir slik uttale:

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.05.2019**

**Behandling:**

Kommunalsjef Solrun Hauglum presenterte rådmannen sitt framlegg til Handlingsprogram og økonomiplan 2020 - 2023.

Rådet er oppteken av dialog og brukarmedverknad i alle saker og prosessar det er aktuelt.

**RFF - sak 12/2019 Vedtak/Tilråding:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek Handlingsprogram og økonomiplan 2020 -2023 til orientering og understrekar at det er viktig å praktisera dialog og brukarmedverknad.

---



### Eventuelt:

- Mogelegheitsstudie bygg for helse og omsorg. Etter folkemøte og høyringsrunde har rådmannen gått i dialog med Norconsult for å utarbeida eit alternativ som ivaretek innspel. Saka skal opp att i Formannskapet og Kommunestyret i juni. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne set opp møte 12. juni for å gi uttale til saka.
- Spørsmål rundt telefonsvarar på legekantor og telefonsystemet i kommunen. Kommunalsjef svarde.
- Spørsmål om ledsagarordning. Kommunalsjef svarde. Rådet ønskje svar til NFU Hordaland som referatsak.
- Rådet ber om å få til uttale teikningar til bygningsmessige endringar i Elvavegen i samband med eventuelt etablering av dagavdeling der.